

## VEDTEKER for VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV

Vedtekene er vedtekne av kommunestyret i Vaksdal kommune kommune 19.05.2014 sak 30/2014 og godkjent av Miljødirektoratet ..... Vedtekene erstattar Direktoratet sitt vedtak i brev av 29. januar 1979.

### **§1 Heimel**

Heimelen for fondet er Kongeleg resolusjon av 4. mars 1966 om konsesjon til utbygging av Eksingedalsvassdraget – Evanger Kraftverk, samt kongelig resolusjon av 17. juni 1992 om konsesjon til bygging av Åsebotn kraftverk - Nygard pumpekraftverk.

### **§ 2 Føremål**

Fondet skal nyttast til opphjelp av vilt, fiske og friluftsliv i Vaksdal kommune, jamfør punkt 14 i konsesjonsvilkåra for Eksingedalsvassdraget, og punkt 12 i konsesjonsvilkåra for Åsebotn kraftverk – Nygard pumpekraftverk.

### **§ 3 Årlege innskot og grunnkapital**

BKK betaler inn årlege fondsmidler i samsvar med konsesjonsvilkår for reguleringane. Beløpa blir indeksjusterte.

Grunnkapitalen til fondet skal være på kr 250 000,-. Grunkapitalen skal kvart år tilleggjast den delen av årleg avkastning som svarar til auken i konsumprisindeksen.

Saldo ut over grunnkapitalen er frie fondsmidler som kan delast ut i tråd med vedtekene og mogelege føringar frå fondsstyret.

Årlege innskot og renter av fondskapitalen utgjer avkastninga til fondet.

### **§ 4 Fondsstyre**

Formannskapet i Vaksdal kommune utgjer fondsstyret. Fondsstyret fattar vedtak om årleg tildeling av fondsmidlane. Formannskapet kan delegera vedtaksrett til administrasjonen.

### **§ 5 Søknadar, tildeling og bruk**

#### SØKNADAR

Grunneigarar, grunneigarlag, interesseorganisasjonar og enkeltpersonar i Vaksdal kommune kan søkje om tilskot. Skriftleg søknad med plan for gjennomføring og budsjett, skal sendast Vaksdal kommune innan 1. desember. Kommunen si handsaming skal gjerast innan utgangen av februar kvart år.

Midlane skal kunngjerast kvart år, minimum på kommunen sine internetsider.

#### TILDELING

Tildeling av midlar må vere i tråd med føremåla for fondet. Administrasjonen handsamar søknadane og innstiller til politisk vedtak.

Det skal setjast arbeids- og rapporteringsfrist for kvart tiltak. Tildelte midlar som ikkje er brukt i tråd med vilkåra for tildeing, kan trekkjast attende. Det same gjeld for tiltak som ikkje er gjennomført innan arbeidsfristen. Søkjar kan søkje om utsetjing av arbeidsfristen.

Inntil anna er sagt i kommunale strategiar og retningsliner for fondet, er det ingen prosentvis tilskotsgrense for omsøkte tiltak.

Målet er at bruken av midlane over ein 5-årsperiode, fordeler seg slik:

- Fisk 50 %
- Vilt 25 %
- Friluftsliv 25 %

Fordelinga mellom føremåla, kan svinge frå år til år. Administrasjonen lager 5-årige oppstillingar over bruken av midlane.

Det kan gjevast tilskot til fleirårege prosjekt etter årleg søknad.

#### **BRUK**

Fondsmidlane skal vere til lokal bruk og nytte, med verdi for ålmenta  
Kommunen kan bruke fondsmidlar til tiltak innafor føremåla.

Frie fondsmidlar kan nyttast til forskottering av kapitalkrevjande tiltak som vert finansiert av offentlege tilskot.

Fondsstyret kan lage strategiar og retningsliner for fondsbruken.

#### **§ 6 Forvaltning**

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto i bank. Fondsstyret ser til at kapitalen gjev ei forsvarleg renteavskastning.

Kommunekasseraren står for rekneskapsføring og utarbeiding av årsoppgåve.  
Administrasjonen lager årsrapport til fondsstyret.

#### **§ 7 Vedtektsendringar**

Vedteken kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Vedtektsendringane treng godkjenning av Miljødirektoratet.